



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Firda vidaregåande skule, Sandane
Møtedato	17.06.2014
Kl.	kl. 10:00 – 13:25

Faste medlemer til stades:

Norvall Nøringset (SV)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Per Atle Kjøllesdal (Sp)
Nils P. Støyva (Ap)
Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Frida Melvær (H)
Noralv Distad (H)
Alfred Bjørlo (V)

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete H. Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 27.05.2014 vart godkjend utan merknader.

Munnlege orienteringar:

Møte med elevrådet, tillitsvalde og rektor ved Firda vidaregåande skule.

SAK 17/14 Høyring - Fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar på prinsipielt grunnlag framlegget om større fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer ikkje å ta i bruk denne fleksibiliteten dersom den vert vedteken.

Avrøysting:

Det vart stemt punktvis over framlegget til fylkesdirektøren:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Det vart samrøystes vedteke å stryke punkt 2.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar på prinsipielt grunnlag framlegget om større fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring.

SAK 18/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - prioritering i opplæringssektoren.

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Prioriteringsrekkefølga på tenestene i opplæringssektoren, slik den går fram av saksutgreiinga, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet i finansutvalet.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet tek saksutgreiinga og framlegga til moglege innsparingar til orientering.

Hovudutvalet merkar seg innspela frå fagopplæringsnemnda , og ber om at dei vert vidare sendt til finansutvalet som ein del av sakstilfanget.

Venstre kom med følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Hovudutvalet ber om å få utgreia potensialet for innsparing i energikostnader i bygningsmassen for vidaregåande skule, ut frå ein "best praksis"-strategi der ein nyttar røymsler og kompetanse frå dei skulane som har lågast energibruk pr. m2.

Avrøysting:

Det vart stemt høvesvis over endringsframlegget frå Arbeiderpartiet og framlegget til fylkesdirektøren. Framlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

Vidare vart endringsframlegget frå Venstre samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet tek saksutgreiinga og framlegga til moglege innsparingar til orientering.

Hovudutvalet merkar seg innspela frå fagopplæringsnemnda , og ber om at dei vert vidaresendt til finansutvalet som ein del av sakstilfanget.

Hovudutvalet ber om å få utgreia potensialet for innsparing i energikostnader i bygningsmassen for vidaregåande skule, ut frå ein "best praksis"-strategi der ein nyttar røynsler og kompetanse frå dei skulane som har lågast energibruk pr. m2.

SAK 19/14 Skriv og meldingar 17.06.2014.

VEDTAK:

Skriv til orientering:

1. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, notat frå fylkesdirektøren datert 10.6.2014
-